



Statsforvaltaren i Vestland
Kaigaten 9
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/171 - 21/15430

Saksbehandlar:
Lennart Falkenberg-Arell
lennart.falkenberg-arell@alver.kommune.no

Dato:
25.03.2021

Oversending av motsegn til detaljreguleringsplan for Meland kyrkjegard, gbnr. 316/31 mfl. PlanID 125620180002

Alver kommunestyre fatta 18.2.2021 i sak 005/21 følgjande vedtak:

«Alver kommunestyre opprettheldt sitt vedtak gitt i sak 025/20 datert 14.5.2020. Reguleringsplan for Meland kyrkjegard skal sendas til kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 5-6 og 12-13.».

Dokumentliste

- **1-19** er saksdokumenta i kronologisk rekkefølge. Forkortinga i tittel med store bokstaver viser kven som har utarbeidd og sendt det respektive dokumentet.
- **20 og 21** er plankart og føresegner til kommuneplanen for Meland 2015-2026 delrevisjon 2019.
- **22-24** er plankart, føresegner og saksframlegg ved mindre endring til gjeldande reguleringsplan for Meland kyrkje. Det vart godkjent ein mindre endring i 2004 der arealformål for hytte vart endra til gravlund og høgspenline er erstatta med jordkabel, plankart frå 2004 ligg ikkje i arkiva men er ikkje relevant for saka. Dokumenta er koda med GMLREG.
- **25-30** er plandokumenta for ny reguleringsplan og er koda med NYREG.

Planprosess (gitt tal på slutten av kvart punkt viser til gjeldande dokument)

- På vegne av Meland kommune varsla Asplan Viak AS den 19.3.2018 oppstart av reguleringsarbeid **(1)**.
- Utval for drift og utvikling (UDU) i tidlegare Meland kommune vedtok 7.5.2019 i sak 41/2019 og leggje planforslaget ut til offentleg ettersyn & høyring **(2)**.
- Hordaland fylkeskommune kom med uttale og varsel om mogleg motsegn 28.6.2019 **(3)**.
- Fyrste dialogmøte mellom Meland kommune, Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen vart heldt 16.8.2019. Ingen løysning **(4)**.
- Hordaland fylkeskommune sender melding den 17.9.2019 om at motsegn til plan er vedteken **(5)**.
- Tidlegare Meland kommunestyre vedtok 25.9.2019 i sak 48/2019 og ikkje kunne imøtekomme motsegn og at endeleg handsaming av plan utsetjast til det er halde meklingsmøte **(6)**.
- Andre dialogmøte mellom Meland kommune og Hordaland fylkeskommune vart heldt 7.10.2019 **(7)**.
- Meland kommune bestilte meklingsmøte 28.10.2019 **(8)**.

- Mekling mellom Meland kommune og Hordaland fylkeskommune vart heldt 12.12.2019. Partane vart ikkje samde i meklinga, men vil ha kontakt for å forsøke å finne løysing. Meklinga vart ikkje avslutta **(9)**.
- No Alver kommune sendar e-post 8.1.2020 til no Vestland fylkeskommune om framlegg til løysning på motsegn **(10)**.
- Vestland fylkeskommune kjem med tilbakemelding 14.1.2020 **(11)**. All dialog mellom partane og no fylkesmannen i Vestland stoppar opp.
- Alver kommunestyre vedtok 14.5.2020 i sak 025/20 og ikkje imøtekomme motsegn frå Vestland fylkeskommune og at saka skal sendast til KMD for endeleg avgjerd **(12)**.
- Fylkesmannen i Vestland gir den 26.5.2020 beskjed til partane at meklinga ikkje er formelt avslutta. Eit nytt meklingsmøte må haldast før saka kan sendast til KMD for endeleg avgjerd **(13)**.
- Dagleg leiar for Meland sokn og Osterfjorden sokn senda 5.6.2020 ei uttale på kyrkja sine vegne, om kvifor dei har behov ny veg **(14)**
- Nytt meklingsmøte mellom Alver kommune og Vestland fylkeskommune vert heldt 4.12.2020. Ramane for eit alternativ forslag til løysning for at motsegn til plan kan trekkast vert lagt fram. Nokre punkt må avklarast etter meklinga **(15)**.
- Alver kommune sender brev til Vestland fylkeskommune 8.12.2020 om avklaringer knytt til alternativ løysing **(16)**.
- Vestland fylkeskommune kjem med tilbakemelding kring avklaringspunkt 17.12.2020 **(17)**.
- Rådmannen i Alver kommune legg fram for kommunestyret i Alver 18.2.2021 i sak 005/21 to alternativ til vedtak. Alternativ 1 om og opprettheld tidlegare vedtak at planen skal sendast til KMD for endeleg avgjerd. Alternativ 2 omfatta dei endringar som må gjerast i plan for at Vestland fylkeskommune kan trekkje sitt motsegn. Alternativ 1 vart vedteken **(18)**.
- Alver kommune sender 24.2.2021 melding om vedtak til no Statsforvaltaren i Vestland og Vestland fylkeskommune. Alver kommune reknar no at meklinga i saka er formelt avslutta **(19)**.

Framstilling av sakens konflikt

Tidlegare Hordaland fylkeskommune no Vestland fylkeskommune ved møte i Utval for kultur, idrett og regional utvikling den 11. september 2019 fatta følgjande vedtak:

- 1 *Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner forslaget til reguleringsplan for Meland kyrkjegard er i vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser og fremjar motsegn til omlegging av Bjørnestadvegen. For at motsegn kan trekkast må omlegginga av Bjørnestadvegen takast ut av planen.*
- 2 *Hordaland fylkeskommune har ein vesentleg merknad når det gjeld avgrensinga av planområdet. For å få ein betre kulturminnefagleg vurdering av sumverknad, ber Utval for kultur, idrett og regional utvikling om at kommunen utvider planområdet, alternativt opphevar gjeldande reguleringsplan frå 1992, då denne ikkje tek tilstrekkelig omsyn til kulturmiljø av høg regional og nasjonal interesse og verdi.*

Vedtaket går fram av vedlegg 5. Grunngevinga for motsegnet kjem i hovudsak fram av vedlegg 3 og til dels fram av referata frå dialogmøta og meklingsmøta, vedlegg 4, 7, 9 og 13. Kortfatta er grunngevinga for motsegnet følgjande:

- Grunngevinga er omsynet til kulturminne av vesentleg regional og nasjonal verdi.
- Fylkeskommunen finn at denne omlegginga av Bjørnestadvegen i særskild grad vil redusere opplevingsverdiene til kulturminnet og kulturmiljøet, og vil vere i konflikt med kulturminneinteressene både når det gjeld nær- og fjernverknad.

Punkt 2 frå fylkeskommunen sitt vedtak vart innfridd av tidlegare Meland kommune ved kommunestyre møte haldt 25.9.2019 sak 48/2019. Sjå vedlegg 6 side 16.

«... Arbeid med oppheving av attverande del av reguleringsplanen for Meland kyrkje og gravlunder med omegn i Meland kommune, vedteke 05.02.1992, blir starta i medhald av plan- og bygningslova kapittel 12, jf § 12-14.»

Alver kommune sitt syn i saka

«Alver kommunestyre opprettheldt sitt vedtak gitt i sak 025/20 datert 14.5.2020. Reguleringsplan for Meland kyrkjegard skal sendas til kommunal- og moderniseringsdepartementet for endeleg avgjerd. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 5-6 og 12-13.»

Gyldigheita av motsegnet

Alver kommune ynskjer at gyldigheita til motsegnet sjåast nærare på. Plan- og bygningslova jf. § 5-4 fjerde ledd og femte ledd stiller tydelege krav til når motsegn kan fremmast og formkrav til grunngjevinga for motsegnet. Av rundskriv H-2/14 under punkt 2.3.2 fjerde ledd går det fram at:

«En innsigelse skal være forankret i og begrunnet ut fra vedtatte nasjonale eller regionale mål, rammer og retningslinjer. Dersom det ikke kan dokumenteres at det foreligger slike føringer, vil det ikke være grunnlag for innsigelse. Det kan for eksempel være gitt viktige føringer i lover, stortingsmeldinger, statlige planbestemmelser, statlige planretningslinjer, regionale planer og rundskriv. Innsigelsesmyndigheten må vise tydelig til hvilken nasjonal eller regional interesse innsigelsen er begrunnet i.»

Alver kommune vurderer at Vestland fylkeskommune sitt motsegn og grunngjeving slik det kjem fram av vedlagte dokument, ikkje innfrir overnemnde krav.

Omlegging av Bjørnstadvegen

Omlegging av Bjørnstadvegen er vidareføring av tiltak regulert i gjeldande reguleringsplan for område vedteken 5.2.1992. Alver kommune vurderer at planforslaget slik det ligg føre er i tråd med korleis ein skal planlegge kring kyrkjer med gravplass, vist ved blant anna forskrift til gravferdslova F10.01.1997 nr 16, jf. § 7 tredje ledd fyrste punktum:

«Det skal være god framkommelighet for bæreprosjekter, publikum og teknisk utstyr til alle gravfelt, men vegsystemer skal ikke legges til rette for gjennomgangstrafikk.»

Hordaland fylkeskommune viser til at ein i reguleringsplanen legg ein opp til ei omlegging av vegen, med ny trasé langs heile nordsida av den gamle gravplassen. Fylkeskommunen finn at denne omlegginga av Bjørnstadvegen i særskild grad vil redusere opplevingsverdiane til kulturminnet og kulturmiljøet, og vil vere i konflikt med kulturminneinteressene både når det gjeld nær- og fjernverknad.

Tilkomsten til kyrkjestaden er i alle tilfelle frå vest (Holme), sør (Frekhaug) og aust (friluftsliv). Den nye vegen vil vere synleg frå vest, men ikkje sør og aust. Opplevinga av kyrkjestaden, i samspel mellom dagens kyrkjestad, mellomalderkyrkjegarden, Kyrkjestova og den øvre kyrkjegarden vert ikkje påverka av den ny vegen, med bakgrunn i at aktiviteten og siktlinene ligg på aust- og sørsida av dagens kyrkje.

Omlegginga av vegen vil føre til ein meir tenleg kyrkjestad og eit meir attraktivt kyrkjetun for Melandsbuen i framtida. Ulempa ved omlegging av veg til myra nord for kyrkja vert etter vår vurdering vegd opp for av fordelane ved planen, mellom anna for å sikre eit levande kyrkje- og kulturmiljø i aktiv bruk. Høva for å skape forbetring og ei positiv samfunnsutvikling ligg i samband med realisering av denne planen, som etter vår vurdering er viktig for å sikre dette viktige kulturmiljøet for framtida.

Kyrkjetunet ved Meland kyrkje er samtidig kommunal veg inn til Bjørnstad-grenda. Vegen skil største delen av kyrkjegard frå kyrkja og omliggande kyrkjegardsfelt. Parkeringsplassane ligg også i same området. Denne strukturen fungerte sannsynlegvis mykje betre i tidlegare tider med få gudstenester, gravferder og anna aktivitet i kyrkja. Men etter som folketalet har vakse kraftig i det som var Meland kommune fram til 2019, har problema auka. Då ein starta utbygginga av kyrkjegarden på oppsida av den kommunale vegen (starten av 1900-talet) var det ingen som forut såg at dette vart den einaste

kyrkja og kyrkjegarden i ein raskt veksande bynær kommune. Grunna den historiske plasseringa av Meland kyrkje og gravplass, må nær alle bruke bil for å kome seg dit.

Det blir ofte kryssande behov mellom dei som bur på Bjørnestad som i dag må køyre gjennom kyrkjetunet og brukarar av Meland kyrkje og kyrkjegard. Fulle parkeringsplassar fører til at ein parkerer i alle vegkantar, også ned mot Bjørnestad. Dei parkerte bilane blokkerer tidvis anna trafikk, også langs fylkesvegen, som medføra krasjande trafikkavvikling ved ut- og innkøyring til arrangement. Køyretøy som skal til og frå Bjørnestad hamnar med dagens planløyising uforvarande midt i eit gravfølge som er på veg frå kyrkja til gravplassen eller til bårebil når det er bisetting. Desse situasjonane oppstår også ved gudstenester og andre tilstellingar i kyrkja med mykje besøk.

Det er gudstenester i Meland kyrkje kvar søndag, nokre gonger to gudstenester pr søndag (formiddag og kveld). Ekstra godt besøkte gudstenester kan for eksempel vere med mange dåpar, at konfirmantar deltek, eller med mange medverkande barn og unge. Dette skjer 1-2 gonger pr måned. Julaftan gudstenester, konfirmasjonsgudstenester og ved konsertar spesielt rundt julehøgtida. Ikkje minst ved gravferder med mange besøkande. Det er ca. 50 gravferder i året i Meland kyrkje og talet vil nok auke.

Kyrkjestaden som kulturmiljø

Reguleringsplanen vil bidra til å sikre Meland kyrkjestad som eit attraktivt kulturmiljø og kyrkjestad for framtida, ved mellom anna sikring og rehabilitering av tørrmurar, betre tilhøve for fotgjengarar og eit bilfritt kyrkjetun. Kyrkja vert mykje nytta til seremoniar, i tillegg til jamnlege konsertar og nokre utandørsarrangement. Oppgraderinga av kyrkjestaden vil styrke desse funksjonane, og bidra til at framtidige generasjonar kan nyte godt av ein aktiv Meland kyrkjestad i eit levande kulturmiljø og lokalsamfunn. Vidare er kyrkjestaden eit sentralt punkt for den høge ferdsla på dei gamle kyrkjevegane i området, særleg mot Moldekleiv, Øvre Sagstad og Fosse. Desse er del av ei større oppgradering med eiga kyrkjevegmerking og informasjonstavler om kyrkjestaden og den gamle ferdsla. Dette aktualiserer kyrkjestaden for mange, og utdypar opplevingar og kunnskap om kyrkja vår.

Om lokal kulturminneforvaltning

Når det gjeld planens påverknad på kulturmiljøet, har denne vore vurdert lokalt i høve kommunens rolle som lokal kulturminneforvaltar. Dette i tråd med dei nasjonale og regionale forventningane til at kommunane tek medansvar for lokale kulturminneomsyn, utarbeidar lokal kulturminnepolitikk og aukar kompetanse lokalt. Meland kommune vedtok sitt planprogram for kulturminneplan i 2016. I samband med kommunesamanslåing vart arbeidet omprioritert til eit kunnskapsgrunnlag i påvente av ein kulturminneplan for Alver. Denne er forventa i 2021, i høve planstrategiarbeidet til ny kommune. Sjølv om Meland kyrkje er listeført, er kyrkjestaden i heilskap eit levande lokalt kulturmiljø.

Mellomalderkyrkjegarden

Siktlinene til den gamle mellomalderkyrkjestaden og ferdselsvegane frå Dale vert oppretthaldt i planen. Riksantikvaren vurderer det slik at tiltak som følgje av reguleringsplanen ikkje vil medføre fare for utilbørleg skjemming av mellomalderkyrkjestaden, jf. kulturminnelova § 3.1.

Mellomalderkyrkjegarden har tidlegare vore ein underkommunisert del av kyrkjestaden, saman med dei gamle fara på vestsida av dalen. Som del av kyrkjevegprosjektet er dette no til dels betra, og vil verte utdypa i tida framover. Omlegging av Bjørnestadvegen vil ikkje påverke samanknyttinga mellom dei to kyrkjestadane.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Lennart Falkenberg-Arell
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

- 1.MEL_Varsel om oppstart_19.3.2018
- 2.MEL_Saksframlegg_1ghs_offentleg ettersyn_7.5.2019
- 3.HFK_Uttale_1ghs_offentleg ettersyn_28.6.2019
- 4.HFK_Referat dialogmøte nr. 1_16.8.2019
- 5.HFK_Melding om fråsegn med motsegn_17.9.2019
- 6.MEL_Saksframlegg_2ghs_vedtak om mekling_25.9.2019
- 7.HFK_Referat dialogmøte nr. 2_7.10.2019
- 8.MEL_Bestilling av meklingsmøte med uttale_28.10.2019
- 9.FMVL_Referat meklingsmøte nr. 1_12.12.2019
- 10.ALV_Framlegg til løysing_8.1.2020
- 11.VLFFK_Tilbakemelding på framlegg til løysing_14.1.202
- 12.ALV_Saksframlegg_3ghs_vedtak om KMD avgjerd_14.5.2
- 13.FMVL_Melding om nytt meklingsmøte_26.5.2020
- 14.ALV_Uttale frå kyrkja førebuing mekling_5.6.2020
- 15.FMVL_Referat meklingsmøte nr. 2_4.12.2020
- 16.ALV_Framlegg til avklaring om merknadspunkt_8.12.202
- 17.VLFFK_Tilbakemelding_Avklaring om merknadspunkt_17.12.2020
- 18.ALV_Saksframlegg_4ghs med tillegg_vedtak KMD_18.2.20
- 19.ALV_Melding til VLFFK og SFVL om vedtak_24.2.2021
- 20.KPA_Meland_Plankart_2015-2026,delrevisjon 2019
- 21.KPA_Meland_Føresegner_2015-2026, delrevisjon 2019
- 22.GMLREG_Meland kyrkje_Plankart_5.2.1992
- 23.GMLREG_Meland kyrkje_Føresegner_5.2.1992
- 24.GMLREG_Saksframlegg_mindre endring_Meland kyrkje
- 25.NYREG_Meland kyrkjegard_Plankart_18.3.2019
- 26.NYREG_Meland kyrkjegard_Føresegner_12.4.2019
- 27.NYREG_Meland kyrkjegard_Planskildring_12.4.2019
- 28.NYREG_Meland kyrkjegard_ROS-analyse_12.8.2019
- 29.NYREG_Meland kyrkjegard_Arkeologiskrapport_Rapport 30 2018
- 30.NYREG_Meland kyrkjegard_Moglegheitstudie_26.9.2017

Kopi til:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
------------------------	---------------	------	--------

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland	Kaigaten 9	5020	BERGEN
-----------------------------	------------	------	--------